

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

**Atle Kvåle** sette fram forslag til nytt pkt.

Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert Sambruksfelt der ein slepp til næringskøyretøy over 7,5 t.

**Alf Helge Greaker** sette fram forslag til nytt pkt.

Samferdselsutvalet er nøgd med at fylkesrådmannen ser det som aktuelt at det startar opp eit prosjekt som avklarar kva som skal til for etablering av sambruksfelt på vestre innfartsåre. Samferdselsutvalet ser fram til at dette kjem i gong, og ber om å få halvårlege løypemeldingar på dette prosjektet.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 4 røyster (SV, FRP, V).

### Innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Samferdselsutvalet er nøgd med at Fylkesrådmannen ser det som aktuelt at det startar opp eit prosjekt som avklarar kva som skal til for etablering av sambruksfelt på vestre innfartsåre.  
Samferdselsutvalet ser fram til at dette kjem i gong, og ber om å få halvårlege løypemeldingar på dette prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert Sambruksfelt der ein slepp til næringskøyretøy over 7,5 t.